



Arkivnr: 2015/8637-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Per Morten Ekerhovd

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		10.09.2015
Fylkesutvalet		23.09.2015
Fylkestinget		13.10.2015

## Konsolidering stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest

### Samandrag

Saka gjeld konsolidering av stiftinga Bjørn West-museet med stiftinga Museum Vest frå 1. januar 2016. Ein samarbeidsavtale undertekna av dei to stiftingane og Masfjorden kommune vil regulere partane sitt samarbeid om verksemda ved Bjørn West-museet. Museum Vest er eit konsolidert museum i Hordaland med ansvar for mellom anna krigs- og okkupasjonshistoria i den regionale museumspolitikken. Stiftinga Museum Vest vil overta ansvaret for økonomi, personale, dagleg drift og bruk av samlingar, bygningar og anlegg ved Bjørn West-museet. Masfjorden kommune går inn med eit øyremerka tilskot til Museum Vest som går til museumsverksemda ved Bjørn West-museet. Aktuelle partar, mellom anna veneforeininga for Bjørn West-museet, har vore involvert og informert om prosessen.

I Regional plan for museum 2011-2015 vert det gjort greie for prosess knytt til konsolidering. Dersom eit museum vert teke inn i eit konsolidert museum vil det få konsekvensar for omfanget av driftsmidlar til det konsoliderte museet. Konsolideringa skal såleis handsamast av Hordaland fylkeskommune. I 2014 løyvde Fylkestinget i sak PS 6/2014 museumsplanmidlar til slike konsolideringsprosessar, og Museumssenteret i Hordaland og Museum Vest fekk til saman 50 000 kroner til ei utgreiing om Bjørn West-museet (Kultur- og ressursutvalet sitt møte i juni 2014, sak PS 87/2014). Museum Vest har i sin budsjettøknad til Hordaland fylkeskommune søkt om 200 000 kroner årleg 2016-2018 til denne konsolideringa. Samarbeidsavtalen uttrykker føresetnad om fylkeskommunal løyving.

Det har vore ein god prosess med fleire møte mellom aktørane Masfjorden kommune, Museum Vest, Museumssenteret i Hordaland og administrasjonen i Hordaland fylkeskommune (kultur- og idrettsavdelinga), mellom anna for å avklare om føresetnadene for ei konsolidering er til stades gjennom lokalt initiativ og økonomi. I tillegg har ei viktig problemstilling vore om Bjørn West-museet i framtida skal ha krigshistorie som kjerne eller eit breiare kulturhistorisk fokus. Val av tema var avgjerande for om museet skulle konsoliderast med Museum Vest eller Museumssenteret i Hordaland.

Masfjorden kommune har også løyvd 50 000 kroner til utgreiingsarbeidet om konsolidering. Konklusjonen i utgreiinga *Bjørn West-museet som en del av Museum Vest?* er at Bjørn West-museet vil vere best tent med ei konsolidering med Museum Vest. Regionalt og nasjonalt inneber dette mellom anna at Museum Vest får større bredde og tyngde i si forvaltning av krigs- og okkupasjonshistoria. Bjørn West-museet vil oppnå større fagleg fellesskap og driftsfordelar. For publikum vert historieformidlinga meir heilskapleg.

Formannskapet i Masfjorden kommune slutta seg til konklusjonane i utgreiinga og føresetnadene om at det må utarbeidast ein samarbeidsavtale mellom dei tre partane Masfjorden kommune, stiftinga Bjørn West-museet og Museum Vest, i møte 19. mars 2015 sak 35/2015.

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget er positiv til samarbeidsavtalen mellom Masfjorden kommune, stiftinga Bjørn West-museet og stiftinga Museum Vest.
2. Fylkestinget ser at ei konsolidering vil styrkje forvaltninga og formidlinga av krigs- og okkupasjonshistoria på Vestlandet og styrke museumsverksemda gjennom stordriftsfordelar, større fagleg fellesskap og kompetanse.
3. Fylkestinget tek til etterretning at ei konsolidering vil få konsekvensar for omfanget av driftsmidlar til det konsoliderte museet, men må kome attende med ei eventuell løyving i samband med budsjetthandsaminga seinare i haust.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 25.08.2015**

Stiftinga Bjørn-West museet i Masfjorden kommune er oppretta av kommunane Gulen, Lindås, Masfjorden, Modalen og Osterøy samt Hordaland fylkeskommune. Styret i stiftinga består av dei nemnde kommunane samt ein representant frå veneforeninga til museet og ein representant frå Masfjorden sogelag. Museet opna i oktober 1994, på dagen 50 år etter at to offiserar i Kompani Linge kom til Nordhordland for å etablere Bjørn West-basen som skulle trene og ta imot norske soldatar i Milorg. Bjørn West-museet er ein identitetsberar om hendingar under krigen. Engasjementet rundt den årlege Bjørn-West-marsjen er eit tydeleg uttrykk for dette. Formålet til museet er å ta vare på og gjere historia om Bjørn West tilgjengelig. Museet skal også ta vare på minna om den lokale motstandsbevegelsen i Bergen, Nordhordland og Ytre Sogn, både den militære og den sivile. Det er også ei oppgåve for museet å ta vare på og formidle minna som viser folks levkår under krigen.

Bjørn West-museet har opplevd faglege utfordringar i fleire år. Masfjorden kommune og Bjørn West-museet har tatt initiativ til møte med aktuelle aktørar med mål om å styrkje museet si verksemd. Initiativet om konsolidering er godt forankra lokalt. Ein har vore usikker på om museet skal ha ei brei kulturhistorisk vinkling eller meir fokus på krigshistoria. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet løyvde i juni 2014, sak PS 87/2014, midlar til ei utgreiing om korleis Bjørn West-museet skal utviklast framover. Tilsvarande har Masfjorden kommune løyvd 50 000 kroner til utgreiinga.

Utgreiingsarbeidet og prosessar i etterkant har synt at ei konsolidering med Museum Vest vil vere det beste for Bjørn West museet si faglege utvikling. Museum Vest er har ansvar for krigs- og okkupasjonshistoria i Hordaland med Fjell festning, Herdla museum og Nordsjøfartsmuseet som sine avdelingar. I tillegg arbeider museet om samarbeid med Espeland fangeleir og Gestapo-museet.

Ei konsolidering med Bjørn West-museet vil styrke temaet krigs- og okkupasjonshistorie. Ein stor del av krigshistoria på Vestlandet kan organiserast gjennom formidlingsturar over to-tre dagar. Dette vil gi eit større og betre tilbod til publikum. Bjørn West museet vert del av eit fellesskap med høg kompetanse innan fagfeltet. Ein får stordriftsfordelar. Ein føresetnad for eit godt resultat, er at veneforeninga til Bjørn West fortsett sitt gode arbeid og engasjement for museet. Den er ein viktig bidragsyter til museet sin økonomi. Masfjorden kommune har i sak 35/2015, i Formannskapet sitt møte 19. 03. 2015, slutta seg til innhaldet i utgreiinga og det vidare arbeidet fram mot ein samarbeidsavtale.

Konsolidering inneber at Masfjorden kommune og dei to stiftingane inngår ein samarbeidsavtale, som regulerer partane sine forpliktingar og samarbeid om verksemda ved Bjørn West-museet. Stiftinga Museum Vest vil gjennom konsolideringa overta ansvaret for økonomi, personale, dagleg drift og bruk av samlingar, bygningar og anlegg ved Bjørn West-museet. Masfjorden kommune bruker i dag om lag 400 000 kroner til drift av Bjørn West-museet. Samarbeidsavtalen føreset ei slik løyving frå Masfjorden kommune til Museum Vest, øymerka drifta av Bjørn West-museet. Samarbeidsavtalen legg også til grunn ei fylkeskommunal løyving. Museum Vest har i sin søknad om driftstilskot til Hordaland fylkeskommune søkt om 200 000 kroner til konsolidering kvart år i budsjettperioden. Ei konsolidering er eit løft for museet, også økonomisk, og vil krevje nye ressursar for å auke kvaliteten i dei museale oppgåvene.

Proessen rundt konsolidering er i tråd med regional plan for museum 2011-2015. Den har lokal forankring gjennom politiske vedtak og økonomi. Hordaland fylkeskommune er positiv til konsolideringa. Den vil styrkje Museum Vest og Bjørn West-museet sine oppgåver knytt til krigs- og okkupasjonshistoria og såleis vere eit løft for heile museumssektoren i Hordaland.